

Sak 32-22 Referatsaker

Tilråding til vedtak

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

MD 18.03.2022: Om organisk avfall framover

Volda Kommune 04.04.2022.Renovasjon fritidshus med svar av 12 april 2022.

Tore Dammerud: Svar på spørsmål om prisregulering utanom kontrakt.

Volda Kommune ved J. Møller 02.05.2022: Referat frå møte vedkomande reperatur og Gjenbrukssentral.

Kilsfjord Grendalag 03.05.2022.Brev VØR med svar 4 mai 2022.

MD 06.05.2022: Vedtak i klage om tillatelse til handtering av overvatn

Vest Kontroll 10.05.2022: Kurs i eigarstyring og styrearbeid i Volda 19 september

KLP: Krever bærekraftstrategi ved spørsmål om lån.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Petter Bjørdal

Frå: Øystein Peder Solevåg <ops@arim.no>
Send: onsdag 23. mars 2022 19:25
Til: einar@reinhaltsverket.no; Elin Magdalene Nerem; frode.erlandsen; Lars M. Fugledal; Petter Bjørdal; Arnstein Myklebust (Arnstein@reinhaltsverket.no)
Kopi: Caroline Mehl Nakken; Eva Skog; Jan Erik Halkjelsvik; Kjell Arne Olsen; Kjetil Larsen Hagen; Linda Kjersem; Tom Haugen; Tor Langlo-Johansen; Øystein Peder Solevåg
Emne: Miljødirektoratet om organisk avfall framover

Publisert 18. mars 2022



Ellen Hambro, direktør i Miljødirektoratet. Foto: Foto: Geir Mogen, Buckethaus.

Miljødirektoratet svarer Biogassbransjen.no

På lederplass i forrige uke utfordret Biogassbransjen.no Miljødirektoratets direktør Ellen Hambro på flere punkter. Her er direktørens tilsvar i sin helhet.

Innlegg av Ellen Hambro, direktør i Miljødirektoratet

I sin lederartikkel 10.mars gir Biogassbransjen uttrykk for frustrasjon over rammebetingelsene for biogass generelt og reglene i kommende forskrift om utsortering av avfall generelt og spør meg om vi har tilstrekkelig kompetanse og ressurser i forvaltningen.

Les den opprinnelige lederen her: [Kjære Ellen Hambro – hva skal vi gjøre spør markedsaktørene?](#)

Jeg er glad for Biogassbransjens utålmodighet på vegne av biogassen! Biogass er et «kinderegge» som løser miljøutfordringer i begge ender. Det som ellers ville blitt avfall, utnyttes som ressurs for produksjon av biogass, og biogassen erstatter fossil energi og bidrar til reduserte utslipp av klimagasser. Dette er bra, og vi heier på biogass!

I vårt forslag til nytt kapittel 10a i avfallsforskriften om utsortering av matavfall, park- og hageavfall og plastavfall får kommuner krav om å sortere ut bioavfall og plastavfall og levere det utsorterte avfallet til materialgjenvinning. For park- og hageavfall stilles det et generelt krav til utsortering, mens det for matavfall stilles krav om at kommunene må oppnå en gitt utsorteringsgrad i 2025, 2030 og 2035.

Bedrifter, offentlige etater og organisasjoner og andre næringsdrivende som produserer avfall som ligner husholdningsavfall får kun et generelt krav om utsortering av bioavfall og plastavfall og levering av det til materialgjenvinning.

Å regulere utsorteringsgrad konkret for hver enkelt av alle aktørene i næringslivet som genererer avfall ville kreve detaljert innsikt i avfallsmengder og typer hos hver virksomhet. Det ville være svært krevende å følge opp, både for myndighetene og den enkelte virksomhet.

Men avfallet skal sorteres, og anlegg som tar imot avfall til behandling, får plikt til å sørge for materialgjenvinning. Forskriften er en viktig del av Norges overholdelse av EUs rammedirektiv om avfall med svært ambisiøse krav til utnyttelse av ressursene i avfallet for å støtte opp om en sirkulær økonomi.

Forskriften vil øke mengde og tilgang til avfallsbasert råstoff til biologisk behandling i Norge. Det er først og fremst veldig bra for biogassbransjen!

FNs bærekraftsmål handler blant annet om å stoppe klimaendringene og om bærekraftig produksjons- og forbruksmønster. Biogass er nettopp kinderegget som kan bidra på begge disse bærekraftsmålene.

I 2020 leverte vi et kunnskapsgrunnlag til Klima- og miljødepartementet om mulige virkemidler for økt bruk og produksjon av biogass i Norge. Gjennom slike oppdrag gir vi råd til politikerne som så bestemmer rammebetingelsene. Deretter er det vår jobb å forvalte vedtatt politikk. Statsforvalteren er miljømyndighetenes forlengede arm ute i landet. Vi veileder dem og er klageinstans på deres vedtak.

Dere spør om vi har tilstrekkelig kompetanse og ressurser: Miljøutfordringene er grenseoverskridende, komplekse og sammensatte. De krever innsats internasjonalt, nasjonalt, regionalt, lokalt og på tvers av sektorer.

Miljødirektoratet har dyktige og faglig kompetente medarbeidere, samtidig må vi hele tiden gjøre tøffe prioriteringer for å få «endene til å møtes». Vi jobber med dette hver dag gjennom den omfattende oppgaveporteføljen vår.

LES OGSÅ:

[Miljødirektoratet er bekymret over egen kapasitet](#)

[Miljødirektoratet kartlegger virkemidler for biogass i Norden](#)

[Miljødirektoratet: – Bransjen bør forberede seg på EU-krav](#)

<https://biogassbransjen.no/2022/03/18/jeg-er-glad-for-biogassbransjens-utalmodighet/>

Petter Bjørdal

Frå: VØR Resepsjon-Fellespost
Send: mandag 4. april 2022 14:23
Til: Petter Bjørdal
Emne: VS: Brev VØR
Vedlegg: Resized_20220328_092600.jpg

Fra: Sunniva Utnes Kvangarsnes <sunniiva.utnes.kvangarsnes@volda.kommune.no> **På vegne av** Postmottak Volda
Sendt: mandag 4. april 2022 14:06
Til: VØR Resepsjon-Fellespost <firmapost@vor.no>
Emne: VS: Brev VØR

Fra: Oddbjørn Følsvik <oddbjorn.folsvik@gmail.com>
Sendt: måndag 28. mars 2022 20:20
Til: Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>
Emne: Fwd: Brev VØR

hei

viser til vedlagt skriv med motsegn mot vedtak om innføring av renovasjonsavgift for sommarhytter i Brundalen.

å innføre renovasjonsgebyr for hytter utan innlagd vatn, avløp og straum som er i bruk nokre dagar eller helgar i sommarhalvåret, må være eit vedtak tufta på manglande forståing kva bruk som er av hyttene/sela og kva behov som er for handtering av avfall frå denne typer hytter.

Som nemnd i brevet, så nyttar dei fleste sine hytter og sel nokre dagar/helgar i sommarhalvåret og det som vert teke med til fjells vert også tek med heim.

Å skulle køyre ei mil tur retur for å levere avfall i ein - til dette formål oppsett - kontainer, er ikkje berre feil bruk av ressursar, men sett med miljøvern-auge feil både det å skulle levere avfallet slik, men også bringing og henting av kontaineren.

Ei anna sak er at kontaineren uansett ikkje ville blitt nytta, i allefall ikkje av desse hytteeigarane - fordi der ikkje er et slikt behov.

Det vert bede om at saka vert teke opp til ny handsaming der forslag til vedtak er å reversere tidligare vedtak og gå vekk frå løysinga og at dette vert gjort i samråd med VØR slik at allereie utsende faktura vert kreditert.

Skulle det være behov for ei grundigare orientering om saka, så høyrer vi frå dykk.

Med vennleg helsing
Oddbjørn Følsvik
leiar Kilsfjord grendalag

Leiar i Kilsfjord Grendalag

Oddbjørn Følsvik

Oddbjorn.folsvik@gmail.com

Kopi: postmottak@volda.kommune.no

Dato: 12 april 2022

Sak: Renovasjon fritidshus.

Vi vil vise til dykkar e-post av 28 mars til Volda Kommune, vedkomande renovasjon fritidshus.

Om klagen.

Leiaren i Kilsfjord Grendalag protesterar på innføring av renovasjonsgebyr for fritidshus i Brundalen, med grunnlag i manglande forståing for kva bruk som er av hyttene.

Avfallet vert tatt med heim ifølgje klagen. Det vert oppfatta som feil å transportere avfallet til næraste samlepunkt for avfall, og om der var ein container i området, ville den uansett ikkje verte brukt av desse hytteeigarane.

Det vert bedt om reversering av tidligare vedtak i kommunen, og kreditering av utsendt faktura.

Lovgrunnlaget for kravet.

Kravet om renovasjonsgebyr er ikkje eit vedtak som kan opphevast av formannskapet eller kommunestyret som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Kravet er heimla i Renovasjonsforskriftene og Gebyrforskrifta for Volda og Ørsta Kommune og kunngjorde slik kravet er til alle forskrifter. Renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta Kommunar er som ordet lyder, norsk lov om kommunal renovasjon for det geografiske området Volda og Ørsta kommunar. Og endring av forskriftene krev ein særskilt saksprosess beskriven i forvaltningslova. Ein prosess som i tid gjerne tek meir enn året.

Siste gang renovasjonsforskriftene i Volda og Ørsta vart endra, var sommar / haust 2019. Vedtaket i Volda Kommunestyre var 18 juni 2019 og i Ørsta Kommunestyre den 5 september 2019. Deretter vart forskriftene kunngjorde med verknad frå 1 januar 2020. Forskriftene gjeld alle eigedomar og fritidseigedomar jfr. § forskriftene § 2. Prosessen med endring i forskrift hadde då gått sidan sommaren 2018.

Gjennomføring av forskrifta.

VØR beklagar at det har tatt tid å få alt på plass med omsyn til gebyr. Årsaka er ressursar i ei periode då andre endringar og skulle innførast. Vi starta med matavfallinnsamling i 2019, tok over renovasjon i Hornindal i 2020 og gjennomførte største utbygginga i VØR nokon sinne i perioden 2020 -2022.

Dei vedtekne forskriftene opererer med ulike kategoriar for fritidshus, noko som gjorde synfaring naudsynt. Vidare kom vi fram på manglande tinglysingar og feil matrikelopplysningar, og dermed tok det tid å kople eigedomsnummer i matrikkelen til rettmessig eigar av eigedom.

Men no frå 2022 skal alle vere registrert. Nokre få feil dukka opp under fakturering, men det har vore handterleg og korrigert etter kvart som vi har motteke korrekte opplysningar.

Kvifor vart forskriftene endra ?

Først og fremst med bakgrunn i at kommunane Hornindal og Volda skulle slåast saman. Ein kunne ikkje ha to ulike forskrifter i same kommune.

Om prosessen

Det vart sett ned ei gruppe av fagpersonar frå nye Volda og Ørsta Kommunar sommaren 2018, som tok ansvar for endringsprosessen, og som arbeida med dette i tråd med forvaltningslova sine krav til endring av forskrifter.

Renovasjonsforskrifter rettar seg mot eigedomar tilrettelagt for kvile og opphald. Ikkje om eigaren bur i Stockholm, Ålesund, Volda eller «ned i bygda». Lovgjevar krev at alle skal handsamast likt. Ein kan ikkje differensiere på bustadadresse på eigar. Det er ulovleg og vert av Statsforvaltaren sett på som diskriminering.

Det første faggruppa måtte ta tak i var å ta inn alle nye statlege krav som var komne til etter førre revisjon av forskriftene.

I 2018 var det tre endringar frå statleg mynde som var relevante og ta inn i forskriftene.

Lovpålagt innsamling av matavfall.

Lovpålagt innsamling av plastemballasje.

Endringa i Avfallsforskrifta § 11. Mottaksplikt pr år for inn til 1000 kg farleg avfall og 500 kg Pcb holdig isolerglassvindu for alle eigedomar, inklusiv frå fritidshus.

Vidare måtte lokalt vedtekne tiltak inn, slik som innsamlingsordninga for farleg avfall i raud boks. Og harmonisering av renovasjonsforskriftene mellom Hornindal, Volda og Ørsta kommunar.

For akkurat fritidshus, hadde Hornindal ordningar som omfatta alle fritidshus. Såleis hadde Hornindal implementert avfallsforskrifta § 11 ved å ta kostnadsdekning frå alle eigedomar som har nytte av ei ordning, medan Volda og Ørsta sin ordning ikkje gjorde det.

Fritidseigedomar i gamle Volda og Ørsta hadde elles lik sats på gebyr, og hovudvilkåret for gebyr eller ikkje, var om det var innlagt straum på eigedomen.

VØR sine politiske organ sin merknad til forskriftsarbeidet.

I sitt faglege innspel til forskriftene, tilrådde VØR sine politiske organ ein gebyrmodell som tok med seg det ein meinte var det beste i VØR sin gamle modell, og det beste i Hornindal sin.

Fritidseigedomar med eigne behaldarar betalar 80 % av standardgebyr.

Fritidseigedomar med både heilårsveg, innlagt straum og vatn / avlaup, betalar 50 % gebyr av standardgebyr.

Fritidseigedomar med enten heilårsveg, eller straum innlagt eller vatn / avlaupsordning etablert hadde gebyr stort 30 % av standardgebyr.

Fritidseigedomar utan heilårsveg, utan straum innlagt og utan vatn / avlaup innlagt, hadde gebyr stort 10 % av standardgebyr.

Fritidseigedomar mindre enn 20 kvm. BRA fritekne for gebyr.

Grunngjevinga til VØR sine organ var:

1. Den som har nytte av ordningane, skal vere med på å betale. VØR hadde på den eine side fått mange tilbakemeldingar om at mange av dei med fritidshus utan innlagt straum og vatn, nytta containerane for fritidshusavfall på lik linje med dei som betalte inn i ordninga. Vi fekk tilbakemelding om det frå Steinsvika, på Folkestad og i Bjørkedalen.
2. Frie leveringsrettar i den nasjonale avfallsforskrifta, måtte følgjast opp med betalingsplikt for dei med rettar.
3. Ein ynskte å gå bort frå ordninga med flatt gebyr for fritidshus, og over til ordning tilsvarande det som var i Hornindal. Dei med heilårsveg og vatn innlagt med avlaup, burde ha høgre gebyr, enn ei sommarhytte med berre straum innlagt. Og eit fritidshus på fjellet utan straum, måte få lægre gebyr enn eit med heilårsveg og straum innlagt.

Om høyringsprosessen og vedtak av forskriftene.

Fagorgan og formannskapa i kommunane slutta seg til dei politiske organa i VØR sitt syn, og la dette ut til høyring.

Ved endring av forskrifter er det under høyringsprosessen at innbyggjarane skal kome med sitt syn, dersom ein er usamd i noko av det som vert foreslått. Der kom ikkje inn merknader til punktet om fritidshusrenovasjon, det VØR kjenner til.

Etter at høyringsprosessen var avslutta så vedtok kommunestyra forskriftene i lovs form og dei vart kunnngjorde slik krava er i forvaltningslova. Klagerett er det ikkje på lov og forskrifter etter kunnngjering.

Oppsummert.

Vi har i svarbrevet lagt vekt på gjere greie for den opne demokratiske måten arbeidet med å få på plass forskrifter for renovasjon i 2018 og 2019, gjekk føre seg.

Forskriftene som vart vedtekne kom som eit resultat av grundig forarbeid, implementering av nasjonalt regelverk i Volda og Ørsta og harmonisering av forskrifter mellom Hornindal og Volda og Ørsta Kommunar.

Sluttord

VØR sitt inntrykk er at fritidshuseigarar flest i Volda og Ørsta er innforstått med at denne ordninga ville kome, i tråd med ei samfunnsutvikling med meir fritid og oppgraderinga av fritidshus utan straum innlagt, til moderne standard med, utstyr på kjøkenet som går på gass og solceller som driv lys og tv. Dei aller fleste fritidshusområder har veg til sommarbruk.

Vårt inntrykk er at det har vore lite støy om omlegginga, og dei fleste synes inndelinga med ulikt gebyr for ulike kategoriar fritidshus er rettvis.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar



Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Torvmyrane 29
6160 Hovdebygda

Ulsteinvik 11.04.22

Spørsmål om prisregulering utanom kontrakt

Viser til oversende brev frå Norva24 Miljøservice AS (heretter Norva) der dei ber om aksept på ein prisauke på 2,5% frå 01.04.22 på fakturerte beløp grunna uforutsette hendingar som Covid og krigen i Ukraina.

Hendingane som Norva viser til er kvar for seg å sjå som uforutsette hendingar, som ikkje kunne forutsjåast ved kontraktsinngåing i oktober 2017. Desse hendingane påverkar i stor grad alle leverandørar til offentlege tenesteytarar i Noreg i dag, og det har difor i fleire tilfelle vore stilt spørsmål om i kvar grad desse hendingane skal gje rett til å endre vilkår gjeve i avtaler som allereie er inngått.

I denne avtala er det etablert reglar for prisendringar, slik det framkjem i avtalens punkt 4.3 med henvising til kravspesifikasjonens Punkt 2 Generelle vilkår, Prisregulering.

Prisregulering

Regulering av einingsprisar i anbodet kan gjerast ein gong pr år. Reguleringa skjer i samsvar med SSB sin kostnadsindeks for lastebiltransport/ renovaşjonsbil. Første regulering skjer 01.01.2019. Prisindeks pr november 2017 er grunnlaget for reguleringa. Dersom talet på separate slamavskiljarar blir endra i ein kommune, gir ikkje det nokon av partane rett til å krevje prisforhandlingar om endring av basispris.

Med utgangspunkt i denne klausulen og varigheita av avtalen (gjenstår om lag 4 av 8 år), vil oppdragstakar/ leverandør langt på veg være dekkja i høve dei langsiktige endringane i tilhøve som påverkar drifta. Den kortsiktige verknaden vil alltid være ein del av leverandørens risiko.

Utgangspunktet og ein berande føresetnad i avtalelova er at partane sjølve ber risikoen for dei forhold og ytingar som dei bidreg med inn i ein avtale. Dette gjeld også endringar i pris på innsatsfaktorar som er naudsynte for å utføre plikter etter kontrakt.

Dette vil også gjelde der årsakene er uforutsette forhold som pandemi, sanksjonar eller liknande. Dette medfører at ein leverandør som ein klar hovudregel ikkje kan krevje endringar i vederlag basert på auka kostnader grunna uforutsette hendingar eller omstende.

Avtalelova opnar for at avtaler kan krevjast revidert med bakgrunn i lova sin §36, som er ein lempingsregel bygd inn i lova for å beskytte «den svake part» mot klart urimelege forhold til følgje av endringar ein ikkje kunne forutsjå. Det skal svært mykje til for at ein part kan krevje endring i vederlag gjennom revisjon av avtalen med bakgrunn i denne paragrafen. Det finnast i liten grad rettspraksis på dette, og ingen eksempel frå seinare år der profesjonelle partar har fått medhald i avtalerevisjon som følgje av prisstigning.



Skulle ein komme til eit punkt der oppdragstakar i ein slik avtale inngått etter anbod i offentleg regi, vil krevje avtalerevisjon og endring i pris som følgje av dette, så vil truleg endringsklausul i Avtalens punkt 3 slå inn.

Avtalens punkt 3 tek for seg Endringar av avtalen. Her framkjem det at det ikkje kan gjerast endringar som er av ein slik karakter at dei medfører plikt til å lyse anskaffinga ut på ny. Denne avtala har eit tidsvindaug på 8 år. Ei auke i vederlag ut over det som låg føre i kunngjorte kontrakt vil kunne sjåast som eit tilleggskjøp, og er såleis eigna til å medføre risiko for oppdragsgjevar i høve anskaffingslova sine reglar.

Det finnast som sagt lite rettspraksis på dette, og lite praktisk informasjon i høve rammeavtaler og krav om prisendring. Eg vil likevel vise til nokre aktuell kjelder som har uttaler i høve kontrakter og entrepriserett som vil kunna ha stor overføringsverdi i vurdering av slike saker:

[https://anskaffelser.no/verktoy/veiledere/veiledning-om-gjennomforing-av-offentlige-anskaffelser-
under-korona-pandemien](https://anskaffelser.no/verktoy/veiledere/veiledning-om-gjennomforing-av-offentlige-anskaffelser-under-korona-pandemien)

<https://www.inventura.no/fagblogg/hvordan-pavirker-krigen-dine-kontrakter/>

[https://www.bygg.no/innlegg-russlands-invasjon-av-ukrainas-betydning-for-norske-
entreprisekontrakter/1493269!/](https://www.bygg.no/innlegg-russlands-invasjon-av-ukrainas-betydning-for-norske-entreprisekontrakter/1493269!/)

<https://www.mef.no/artikkel/2022-03-09/krig-og-prisstigning>

Med bakgrunn i dette anbefaler vi at Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS ikkje godtek den varsla prisendringa slik den framkjem frå Norva24 Miljøservice AS. Dette fordi endringar i pris er regulert i denne avtalen, og endringar ut over dette vil kunne sjåast på som urettmessige kjøp etter anskaffingslova, og såleis medføre erstatningsansvar i høve 3.part/gebyr frå offentleg mynde.

Beste helsing

Dammerud Kompetanse AS
Tore Dammerud

Petter Bjørdal

Frå: Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@volda.kommune.no>
Send: mandag 2. mai 2022 13:17
Til: Petter Bjørdal; Eldar Øye; Magnar Selbervik; Sølvi Dimmen; 'Jan Henning Egset'; Stein Aam; akirsel@online.no
Kopi: Rune Sjurgard
Emne: Etablering av reparasjons- og gjenbrukssentral i Volda/Ørsta -Referat
Vedlegg: Etablering av reparasjons-og gjenbrukssentral i Volda_ Ørsta.pdf; 20220210141958336.pdf

Bakgrunn for møte:

I budsjettsaka den 13.12.21. gjorde Ørsta kommunestyre vedtak om å be «...VØR, i samarbeid med administrasjonane i eigarkommunane, ta initiativ til eit pilotprosjekt med tanke på å greie ut etablering av ein reparasjons- og gjenbrukssentral, til dømes etter modell frå Resirkula på Hamar.»

Møtereferat

Stad : VØR sine lokale

Dato: 26.4.2022

Tid: 1000-1115

Møtt:

Volda- Sølvi Dimmen og Jarl Martin Møller

Ørsta- Stein Aam, Eldar Øye, Magnar Selbervik

VØR- Anne Ellingsen, Jan Henning Egset, Petter Bjørdal

Ein innleia møte med å vise til likelydande vedtak i kommunestyra:

Kommunestyret ber VØR, i samarbeid med administrasjonane i eigarkommunane, ta initiativ til eit pilotprosjekt med tanke på å greie ut etablering av ein reparasjons-og gjenbrukssentral i Volda/ Ørsta, til dømes etter modell frå Resirkula på Hamar.

Petter presenterte og gjekk igjennom svar som er sendt frå VØR til kommunane som dannar grunnlag for møte i dag.

Konklusjon

Det vil vere viktig å følgje opp kommunestyra sine vedtak og målsetjingar i eit vidare arbeid. Det vidare arbeidet må søkje å klarlegge ulike konsekvensar, handlingsrom og dei økonomiske konsekvensane for abonnentane.

Ein er vidare samde om at det vil vere fornuftig at VØR ser på ei forskriftsendring som gir grunnlag for å kunne støtte formålet og intensjonen som kommunestyrevedtaket legg opp til.

Eit naturleg steg vidare er å innleie ein dialog med Furene om dei kan vere ein partner i å legge til rette for kommunestyre sin intensjon og ordførarane vert invitert med i møte.

Vidare prosess i saka vert å avklare etter at møte med Furene er gjennomført.

Administrasjonen i kommunane orienterer politisk nivå om møte og vidare prosess i saka.

Med helsing

Jarl Martin Møller
kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Petter Bjørdal

Frå: Petter Bjørdal
Send: onsdag 4. mai 2022 08:20
Til: Oddbjørn Følsvik
Emne: SV: Brev VØR

Hei

Miljødirektoratet har i sine planar kravt at renovasjonsselskapa skal tilby eigarar av fritidshus kjeldesortering på linje med fastbuande.

Kravet skal gjelde frå 2025. Planen til VØR er å gradvis få det på plass i løpet av 2022-2023-2024, då kjeldesorteringsanlegga er relativt dyre anlegg som vi treng tid på å bygge ut. Ein ting er kjøpet, men det skal og finnast godkjent plass, det skal gravast og det monterast og stellast til etterpå.

For 2022 har vi kjøpt inn det som skal settast ut og avtalt plassering. De kjem uansett ikkje med før i 2023.

Vi held altså på med utskifting av «containerløysingane» vi i dag har, med nedgravne anlegg for avfall og full kjeldesortering slik som t.d. alt er innført på Folkestad. Tilgangskort for brukarane og trommeløysing som sikrar at berre hushaldningsavfall i bærenett på maks 30 liter kan leverast. Ikkje større gjenstandar.

Vi har ca 20 mottaksanlegg for avfall frå fritidshus i Volda og Ørsta, og mange av disse må byttast ut. Eit mottaksanlegg skal dekke frå 50-80 fritidseigedomar / utleigehytter. Dei nye anlegga leverar vi med tilgangskontroll og nivåkontroll. Tilgangskontroll fordi dei som betalar inn i ordninga skal ha tilgang, og dei som ikkje betalar / har abonnement, dei får heller ikkje tilgang. Det er og i tråd med forureiningslova sine reglar. Forureinar skal betale.

Nivåkontroll for at vi skal kunne sjå frå kontoret når det nærmar seg fulle containerar, og såleis sende ut bil som tømmer før det vert overfylt.

Med dårlege erfaringar frå to-tre av tjue anlegg, har vi og lært at nye anlegg må plasserast slik at det er godt med innsyn frå omliggjande bustader til mottakspunktet. Det hindrar misbruk og det hindrar forsøpling. Der det ikkje er mogleg, må det ligge til rette for montering av overvåkingskamera knytta til vaktsentral. Korleis dette er ved grendahuset, veit eg ikkje, men det er moment som de og vi må ta med i vurderinga. Ingen av oss er interessert i å legge til rette for eit forsøplingspunkt.

Vi pliktar å følge dei formelle lovkrava. Forureiningslova er tydeleg på at kostnadene med herrelaust avfall og avfall som kjem frå vegfarande ikkje skal dekkast av renovasjonsgebyret. Det er det kommunen for kommunale vegar, Fylkeskommunen for fylkesvegar og Statens Vegvesen for riks-europavegar som har eit ansvar for. Bubilparkeringa som eg vil tru de vil ha ei betalingsordning for, kjem inn under næringsverksemd, som skal dekke sine kostnader sjølve. De bør i alle fall ta betalt når ein får tilgang til infrastruktur som god parkeringsplass, kanskje vatn / straum og avfallsanlegg.

Eg har ovanfor orientert om våre planar og regelverket vi må følge.

Opninga for det de spør om er at det vert oppretta ein avtale mellom grendalaget og VØR om grunn og plassering av nedgrave anlegg og tilsyn/ snøbrøyting ved anlegget.

Dette vert kompensert i ein leigeavtale, der grendalaget får tilgangskort på lik line med næringar som kan kjøpe seg inn i ordningane. Forskjellen er at grendalaget får dette som betaling for sitt arbeid, og kven som brukar kortet er det opp til grendalaget å avgjere.
Om dette er ein farbar veg, må eventuelt avtalefestast og godkjennast av styrande organ i VØR, og det må tole revisorkontroll hos oss.

Spørsmålet vert uansett å ta att til hausten, når neste års investeringar skal planleggast.

Høyrer frå dykk

Med venleg helsing



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Dir.tlf: 474 58 132

priv: 932 15 901

petter@vor.no

Volda og Ørsta Reinholdsverk IKS

Tlf: 70 04 86 00

www.vor.no

Frå: Oddbjørn Følsvik <oddbjorn.folsvik@gmail.com>

Send: tirsdag 3. mai 2022 17:56

Til: Petter Bjørdal <petter@vor.no>

Kopi: Lilli Brenne Røy <lilli.rov@globalskolen.no>; Sølvi Dimmen <solvi.dimmen@volda.kommune.no>

Emne: Re: Brev VØR

Hei Petter og takk for avklarande brev.

Vi har i lag med kommuna diskutert muligheita av å legge til rette for bubilar på parkeringa for grendhuset.

Kan ein tenke seg ei kombiløysing der ein slik, minst mulig, lukka container er plassert der?

Har du evt bilde av ein slik, så vi kan vurdere også plassering?

Ørsta vassdraget elveeigarlag v/Nils Olav Brekke

Oslo, 06.05.2022

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2021/8031

Saksbehandler:
Åse-Karen Mortensen

Vedtak i klage om endring av vilkår for håndtering av overvann i tillatelse til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall, og kompostering av hageavfall – Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS, Ørsta kommune

Vi viser til klagen på Statsforvalteren i Møre og Romsdal sitt vedtak 15. juni 2021 fra Ørstavassdraget elveeigarlag og Ørsta jeger- og fiskarforeining. Klagesaken ble oversendt fra Statsforvalteren i Møre og Romsdal 9. juli 2021.

Vedtak

Miljødirektoratet opprettholder Statsforvalteren i Møre og Romsdal sitt vedtak.

Vedtaket er fattet etter forurensningsloven § 18, jf. forvaltningsloven § 34 fjerde ledd.

Kort om bakgrunnen for saken

Tillatelsen til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall og kompostering av hageavfall ble gitt Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS (VØR) 30. november 2017. I tillatelsen ble det gitt vilkår om at overvann skal ledes til overvannsledning for Melsgjerdet industriområde i Ørsta kommune. VØR har planer om å bygge et biogassanlegg på samme tomt, og under behandling av søknad til biogassanlegget kom det fram at Ørsta kommune ikke har overvannsledning i området.

VØR søkte derfor om å endre vilkårene for håndtering av overvann i tillatelsen til avfallsanlegget. De har delt området til anlegget inn i ren og uren sone. Overvann fra ren sone vil bli ført til infiltrasjon i grunnen og overvann fra uren sone vil bli ledet til kommunal avløpsledning. Søknaden om endring av tillatelsen hadde en begrenset høring med varsel sendt til naboer og kommunen, og var lagt ut på Statsforvalteren i Møre og Romsdal sin nettside.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal fattet 26. mai 2021 vedtak om endring av tillatelse til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall og kompostering av hageavfall etter forurensningsloven § 18, til VØR.

Begrunnelse for klagen

Infiltrasjonsløsning

Klagerne oppgir at prosjekteringen av løsning for infiltrasjon av overvann er mangelfull og ikke ferdigstilt. De protesterer mot at Statsforvalteren endrer tillatelse uten at nødvendige undersøkelser er gjennomført, og mener dette er å gi VØR en "blankofullmakt" og et brudd på regelverket.

Etter klagernes vurdering er det ikke riktige forutsetninger for infiltrasjonsløsning. Det er høy grunnvannsstand i området (1,8 til 2,3 m) og fjell under dette som begrenser vertikal infiltrasjon, og de mener dette gir risiko for utslipp til elva. De oppgir også at det kun er 25 m mellom infiltrasjonsbassenget og elva, og lurer på hvor stor vernesona skal være.

Klagerne viser også til at det er stor brannfare ved avfallsanlegg og at ved en eventuell brann kan forurenset slokkevann ende i elva.

Kapasiteten til avløpsnett

Klagerne oppgir at det ikke er kapasitet på avløpsnett til å motta vann fra anlegget til VØR eller til å håndtere tilfeller med styrtregn. De viser til at det nederst på Mo, etter springflo og mye nedbør, er observert at det renner kloakk fra overløpsrøret på Ose rett i elva. På grunn av dårlig kapasitet på avløpsnett mener klagerne at det er risiko for at vann fra urensone havner rett til elva dersom det ledes til kommunalt nett.

Klagerne oppgir at det på industriområdet Melsgjerdet kan komme andre virksomheter som gir påslipp til avløpsnett og at dette ikke er blitt vurdert godt nok når VØR fikk påslippstillatelse.

Videre mener klagerne at det ikke er greit at kommunen, som eier av VØR, vurderer kapasiteten på avløpsnett. De ber derfor Statsforvalteren om å vurdere avløpsnett, og om at påslippstillatelsen ikke skal gjelde før ny vurdering er gjennomført.

Merknader til klagen

VØR fikk oversendt klagen for kommentarer, og sendte Statsforvalteren i Møre og Romsdal sine kommentarer 24. juni 2021.

Statsforvalteren i Møre og Romsdals vurderinger

Vi viser til Statsforvalteren i Møre og Romsdal sin oversendelse av klagen 9. juli 2021.

Miljødirektoratets vurderinger

Miljødirektoratet vurderer at vilkårene for å ta klagen til behandling er oppfylt. Som klageinstans kan vi prøve alle sider av saken. Vi kan også ta hensyn til nye omstendigheter og forhold som ikke er tatt opp i klagen.

Infiltrasjonsløsning

VØR sendte inn søknaden om endring av tillatelsen før infiltrasjonsløsningen var ferdig prosjektert. I etterkant av høringen mottok Statsforvalteren detaljprosjektering av anlegget, og Statsforvalteren hadde derfor et bedre beslutningsgrunnlag ved behandlingen av endringstillatelsen enn hva som ble lagt ut på høring. Statsforvalteren påpeker selv at dette kan ha vært uheldig for saken.

Forvaltningen skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes, jf. forvaltningsloven § 17. Ved behandling av tillatelser etter forurensningsloven er høring et virkemiddel for å oppnå opplysning av saken, jf. forurensningsforskriften § 36-8. Gjennom høringen skal allmennheten gis anledning til å uttale seg. Varsel til allmennheten skal kunngjøres på måter som er egnet til å gjøre allmennheten oppmerksom på saken og tilhørende dokumenter skal gjøres tilgjengelig. Foreliggende sak har vært på høring og vi vurderer at kravene er oppfylt, selv om detaljprosjekteringen ikke var vedlagt høringen.

Utslippstillatelse ble først gitt etter at infiltrasjonsløsningen var ferdig prosjektert og vurdert av Statsforvalteren. Miljødirektoratet mener at VØR har framlagt de nødvendige opplysningene slik at myndighetene kan gjøre en forsvarlig vurdering av infiltrasjonsløsningen. Statsforvalteren har stilt vilkår i tillatelsen for håndtering av overflatevann og Miljødirektoratet vurderer at VØR ikke har fått en "blankofullmakt" slik klagerne anfører.

Norconsult gjennomførte kartlegging av grunnvann for å vurdere infiltrasjonskapasiteten på området. Denne viser at det ikke er riktig at grunnvannet ligger mellom 1,8 til 2,3 meter i området slik klagerne oppgir. Norconsult konkluderte med at de stedlige massene under torvlaget er godt egnet for infiltrasjon av overvann. Det er planlagt et overløp på infiltrasjonsbassenget som leder vann til kommunalt avløpsnett dersom belastningen blir for høy. Det samlede fordøyingsvolumet for hele anlegget for infiltrasjon er ifølge Norconsult svært stort, omtrent 360 m³.

Sedimentasjonsbassenget er planlagt konstruert slik at vann ikke renner videre til infiltrasjonsbassenget ved mistanke om forurensning eller uhell som brann. Vann kan herfra ledes videre til kommunalt avløpsnett eller pumpes opp og slik forhindre utslipp til vann eller grunn. Det vil være en prøvetakningsbrønn nedstrøms for infiltrasjonsbassenget og mulighet for å ta prøver fra sedimentasjonsbassenget og infiltrasjonsbassenget. Dette gjør at VØR kan overvåke vannet som ledes inn til infiltrasjon i grunnen.

Avfallet på anlegget lagres innendørs. Risikoen for eventuell forurensning i ren sone stammer derfor fra transporten av avfallet, herunder avfall på hjul eller avfall som faller av. VØR opplyser at det vil være rutiner for rengjøring av kjøretøy for å hindre dette. Faren for forurensning ved avrenning fra avfall vurderes derfor som minimal. Overvannet i ren sone ledes først til et sandfang, deretter til sedimentasjonsbassenget og så til infiltrasjonsbassenget. Dette bassenget

har et vekstsjikt som kan stoppe eventuelle rester av olje og biofilm som ikke blir stoppet i sedimentasjonsbassenget.

Miljødirektoratet er enig i Statsforvalteren sin vurdering av infiltrasjonsløsningen. Foreslått infiltrasjonsløsning for overvann fra området definert som ren sone er forsvarlig ut fra en vurdering av faren for utslipp av miljøfarlige stoffer til nærliggende vannresipienter.

Kapasiteten til avløpsnett

VØR oppgir at virksomheten er tilkoblet Åmdals-ledningen og ikke ledningen ved Ose slik det er oppgitt i klagen.

Forurensningsforskriften kapittel 15A gjelder for påslipp av avløpsvann til offentlig avløpsnett fra virksomhet og utslipp. Kommunen er forurensningsmyndighet etter § 15A-4 for påslipp til offentlig avløpsnett og kan fatte vedtak om påslippstillatelse i medhold av denne bestemmelsen, jf. § 15A-2. Statsforvalteren har ikke myndighet til å overprøve kommunens vedtak om påslippstillatelse, men kan som forurensningsmyndighet fastsette krav til avløpsvann i tillatelsen etter forurensningsloven § 11.

Avløpskapasiteten er blitt vurdert av kommunen som rett myndighet. Vi vurderer ikke at det er forhold i saken som taler for at kommunens vurdering av avløpskapasiteten er mangelfull. Vi legger derfor til grunn at kapasiteten er god nok til å håndtere påslipp av overvann fra avfallsanleggets område definert som uren sone (leveringspunkt for hytterenasjon, vaskeplasser, vann brukt innendørs og område for rankekompostering

Vannforskriften og naturmangfoldloven

Nærmeste resipient er nedre del av Ørstaelva som er et nasjonalt laksevassdrag og vurdert til å ha god økologisk og kjemisk tilstand. Miljøtilstanden er vurdert til å være svært dårlig pga. kvalitetsnormen for laks da det er et problem med rømt oppdrettslaks og lakselus i vassdraget. Det er observert elvemusling nedstrøms for Melsgjerdet. Sideelven Åmdalselva som er øst for industriområdet er en spesielt viktig lokalitet for elvemusling, men ligger imidlertid oppstrøms langs Ørstaelva for industriområdet. For elvemusling er det viktig å unngå graving, begroing og tilslamming i vassdraget.

Vilkår i tillatelsen om infiltrasjon av overvann fra ren sone hindrer at vannet renner rett ut i elven og hindrer utslipp av partikler til vassdraget, og det er ingen fysiske inngrep i elven. Det er stilt krav i reguleringsplanen om at det skal være en vernesone/LNF-areal rundt anlegget på minimum 15 meter. Etter vår vurdering vil foreslått løsning for håndtering av overvann ikke påvirke habitatet i nevneverdig grad eller endre miljøtilstanden i elva, og hindrer ikke at miljømålene for vannforekomsten oppnås (vannforskriften).

Søk i databasen Naturbase, viser at det ikke er noen arter av nasjonal forvaltningsinteresse på området for anlegget. Tiltaket påvirker ikke naturmangfoldet i nevneverdig grad jf. naturmangfoldloven § 8, og det foretas derfor ingen vurdering av §§ 9 til 12.

Klagerett

Vedtaket er endelig, og du/dere kan ikke klage på vedtaket.

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Marit Kjeldby
avdelingsdirektør

Henning Gøhtesen
fungerende seksjonsleder

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS
Ørsta kommune

Postboks 2520
Torvmyrane 29
Dalevegen 6

6404 MOLDE
6160 HOVDEBYGDA
6153 ØRSTA

Kurs i eigarstyring og styrearbeid

Kursdag Hareid: 2.juni 2022 kl. 09:00- 14:00

Kursdag Volda: 19.september

Kursdag Kinn i Florø: 31.august

I samarbeid med kommunane Hareid, Volda og Kinn vert det arrangert kurs i eigarstyring og styrearbeid.

Tema blir:

- **Demokratiske organ som eigarar av selskap**
 - Ulike måtar å organisere kommunale tenester
 - Samarbeid vs selskap
 - Den folkevalte eigarrollen
 - Ulike eigarposisjoner i ulike selskap
- **Rammer for eigarstyring**
 - Eigarskapsmelding
 - Styringsdokumenter og møteplasser
 - Arenaer for styring og dialog
 - Ein eigar eller fleire eigarar - korleis utøve eit klokt eigarskap
 - Evaluering og kontroll
- **Selskapets organ**
 - Styret og daglig leder; oppgåver, rolle og ansvar
 - Korleis velje dei riktige styremedlemmane
- **Etisk standard i føretak og selskap**

Tema kan endrast etter ynskje frå deltakarane

Målgruppe: Folkevalde, i dette medlemmer av representantskap/generalforsamling og administrasjonen i kommunane, samt styremedlemmer og leiarar i selskap desse eig/eig i, inklusiv kommunale føretak. I tillegg medlemmar i kontrollutvala.

Bindande påmelding til Vest kontroll for kurset på Hareid innan 20.mai 2022. For Volda og Kinn 20.juni 2022.

Kursforelesar

Vibeke Resch-Knudsen

Vi har tidlegare engasjert Vibeke på fleire kurs. Ho har skrive bøker om styring av kommunalt eigde selskap.

Meir om Vibeke:

Ho er i dag spesialrådgjevar i Viken fylkeskommune på selskapsområdet. Frå 1999 har ho gjennom eige advokatfirma ytt bistand til kommunar og selskap innan følgjande område:

- Corporate governance (god verksemdstyring)
- Compliance (styringsdokumenter)
- Kontraktstyring
- Selskapsrett, arbeidsrett og forvaltningsrett
- Strategi- og leiarbistand
- Offentleg verksemd (politikk/næringsliv)
- Offentlege anskaffingar/offentleg støtte
- Styring og kontroll
- Selskapsutvikling og strategibistand
- Styreopplæring

Mål: Generell opplæring om kommunar som eigarar av ulike selskap, styring av interkommunale, kommunalt eigde selskap og kommunale føretak, samt litt om ulike kontrollar av desse gruppene. Etik i høve selskapet vert og tema.

Pris per person: kr 1200,-



Person

Virksomhet

Pensjon


Bank og lån

Fond

Forsikring

Kontakt Skjemaer Søk

Logg i

[← Lån](#)

Spørsmål om bærekraft ved låneforespørsler

Under følger noen spørsmål om bærekraft som vi stiller til alle våre kunder i forbindelse med en lånesøknad.

Informasjonen bruker vi for å få en god oversikt over hva vi gir lån til.

OM LÅNESØKER

Lånesøker

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

Organisasjonsnummer

984068085

KONTAKTPERSON

Navn

Petter Bjørdal

Telefonnummer

474 58 132

E-post

petter@vor.no

GENERELLE SPØRSMÅL OM BÆREKRAFT

1. Har dere en bærekraftstrategi?

- Ja, og den er vedtatt av styret
- Ja, vi har en bærekraftsstrategi
- Nei

Dersom dere har en bærekraftsstrategi dere ønsker å dele med oss, kan denne legges ved her.

Maks filstørrelse 10 MB

 Trykk eller slipp for å legge til fil

2. Hvordan er bærekraftstrategien implementert i bedriften?

Beskriv en eventuell implementering av bærekraftsstrategien

Vi har ikkje etablert ein formell bærekraftstrategi i selskapet. Vi har mål for materialgjenvinning på 60 %. Vi har mål om reduksjon av internt transport. Men det er ikkje samla i ein bærekraftstrategi. De vil bli gjort i samband med rullering av strategiplan som skal fram for representantskapet i VØR i oktober 2022.

3. Har bedriften en bærekraftsansvarlig?

Ja	✓ Nei
----	-------

Dersom ja, oppgi navn på bærekraftsansvarlig

Dersom ja, hvilken stillingstittel har den bærekraftsansvarlige?

4. Rapporterer dere om bærekraft i årsrapporten eller lignende?

Ja	✓ Nei
----	-------

5. Har dere en sertifisering innen bærekraft?

Velg miljøsertifisering

- ISO
- Miljøfyrtårn
- Annen miljøsertifisering
- Nei, vi har ingen miljøsertifisering

Dersom dere har en annen miljøsertifisering enn ISO eller Miljøfyrtårn, oppgi hvilken.

6. Måles samlet utslipp av CO2 i bedriften?

Ja	✓ Nei
----	-------

Dersom ja, hva var samlet utslipp av CO2 i fjor?

7. Er det satt noen måltall på utslippsreduksjon av CO2 i bedriften?

Ja

✓ Nei

Dersom ja, hvor mye utslippsreduksjon har dere satt dere som mål?

Dersom ja, angi måldato for når utslippsreduksjonen skal være nådd



8. Har ditt selskap identifisert og prioritert hvilke bærekraftsmuligheter og -risikoer som er av størst betydning for ditt selskap?

Ja

✓ Nei

Beskriv eventuelt nærmere bærekraftsmuligheter og -risikoer

PÅVIRKNING OG MÅLSETTING MED INVESTERINGEN

Gjelder for låneforespørselen

9. Har dere vurdert bedriftens klimarisiko med tanke på hvordan klimaendringene kan påvirke dere?

- Ja, og klimaendringene vil påvirke oss positivt
- Ja, og vi antar at klimaendringene vil påvirke oss negativt i betydelig grad
- Ja, og vi antar at klimaendringene vil påvirke oss negativt i noe grad
- Ja, og vi antar at klimaendringene vil påvirke oss negativt i liten grad
- Nei, vi har ikke vurdert klimarisikoen
- Vet ikke

10. Vurderer dere risikoen for negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendig arbeidsforhold i den daglige driften og ved innkjøp?

- Ja
- Nei
- Vet ikke

Beskriv eventuelt nærmere rundt vurderingen eller tiltak

Vi følger dei retningslinjene som er i Lov om offentlege anskaffelsar med forskrifter. Der er det krav om løns og arbeidsforhold for dei som skal utføre arbeid for oss. Jfr Forskrift nr 112 av 2008.

11. Har investeringen en positiv påvirkning på miljøet eller sosiale forhold?

✓ Ja

Nei

Husk! Dersom investeringen har en vesentlig positiv påvirkning på klima eller miljø, kan dere kvalifisere til grønt lån. [Les mer om grønt lån](#) (åpnes i ny fane).

12. Har investeringen en negativ påvirkning på miljøet eller sosiale forhold?

✓ Nei

Ja

13. Hvilken positiv/negativ påvirkning har investeringen på miljøet eller sosiale forhold?

Beskriv den positive eller negative påvirkningen investeringen har på miljøet eller sosiale forhold

Investeringa vil redusere inntransport av matavfall vesentleg med 10 arbeidstimar eller 420 km pr veke. Tidligere er dette køyrt til Ulsteinvik. No blir det omlasta i Ørsta.

Omlastingsanlegget er vidare designa for å kunne laste meir avfall ut, som vil redusere behovet for tal turar med matavfall og restavfall. Anlegget handterer vogntog opp mot 25 meter med 60 tonn totalvekt, mot 52 tonn totalvekt tidligare.

Send inn skjemaet

Er det et grønt prosjekt?

Dersom deler av investeringsprogrammet kan klassifiseres som grønn, kan dere få en reduksjon på margin med inntil 0,1%.

[Les mer om grønne lån](#)

Det kan også hende dere kan få støtte til prosjektet fra andre aktører. Vi har samlet de støtteordninger og kilder til informasjon vi kjenner til, slik at det kan bli enklere og mer oversiktlig å finne frem i hvilke muligheter kommuner og kommunale bedrifter har.

[Les mer om andre støtteordninger og informasjon i KLPs klima- og miljøveileder](#)

Hva synes du om denne siden?



Meld skade eller tyveri

Sperr kort

Veihjelp

Sjekk om du er medlem

Vi hjelper deg



Kontakt oss

Samfunnsansvar
Om KLP
Ledige stillinger
Personvern og sikkerhet
English pages

Nyhetscenter
Presse
Kurs og konferanser
Klageadgang

Du kan sammenlikne prisene våre med prisene fra andre selskaper på [Finansportalen.no](https://finansportalen.no)

